



VIL UT: Kjell Magnus Økland ser helst at fleire ting vil føregå på sjøen under neste utgåve av Kystsogeveke. Her er han i gang med å rigga til segla på oselvaren sin ein fin sommardag. (Arkivfoto: Camilla)

For mykje føregår innandørs

Han vil ha fleire ting til å skje ute på sjøen, og kan tenkja seg å skifta frå kystsoge til kystkultur.

– Alle arrangementa på Tysnes i regi av Kystsogeveke dette året, har vore innandørs. Det må me gjera noko med. Målet er å koma meir ut på sjøen, og få fleire til å bli aktive deltakarar, ikkje berre tilskodarar, sa Kjell Magnus Økland. Det er første året den utflytta tysnesingen er dagleg leiar og styrer Kystsogeveke, ein fellesnemnar for store og små aktivitetar

i 22 kystkommunar frå Sveio til Gulen. Og med Hordaland fylkeskommune som ein del av laget.

Solstråleøya

Jättseglarutstillinga, dansgallaen i Tysneshallen og husflidsmessa same staden, kystkultur i kunsten, føredrag om banning og bøn i kulturkyrkja Onarheim, og føredrag i det gamle skulehuset på Skorpo med den store mannauden som tema. Det meste trekte godt med folk, alt gjekk føre seg innomhus.

– Me få noko til å skje utan-

dørs neste år. Eg saknar aktivitet på Solstråleøya, eg har utfordra Freddy Jensen og torsdagsgjengen til å laga ein tur til fyra på Tysnes, kystlaget må med. Spel gjerne inn fleire stader og fleire aktivitetar, sa Økland til formannskapet tysdag.

Fjordsteam

Same dag skulle han innom tre andre kommunar for å fortelja om kystsogeveke, storsamlinga av kystkultur spreidd over 22 kommunar tidleg haust. Neste år er det utgåve 22 av tilskipinga, som då

strekker seg frå 4. august til 20. september. Opninga skjer under Fjordsteam i Bergen.

– Kystkultur er eit vidt omgrep, lokal forankring er eit særtrekk og ein kan bruka heile kommunen som arena for det som skjer. Ta gjerne med barnehagar og skular i arbeidet, oppmoda Økland.

Han ønskjer å kopla UKM (ungdommens kulturmønstring - no Ung Kultur Møtes) til arbeidet med kystkulturen. Målet er å få fleire unge - og unge vaksne - i aldersgruppa 12-30 år med på laget.

Youtube

– Eg ønskjer i større grad å nytta sosiale media og vera aktiv med videoinnslag på Youtube, frå før ser me at Kystsogeveke får god presedekning. Årets utgåve gav til saman 117 oppslag i lokalaviser, seier Kjell Magnus Økland.

Han kan tenkja seg å byta ut Kystsogeveke til fordel for Kystkulturveke, meiner det då er lettare for alle å forstå kva det heile går ut på. Han delte ut ein fargerik faldar til formannskapet, ein faldar der framsida ikkje lemnar nokon



Korsnes)

Førjulsmesse for 23. gong

Heilt sidan i vinter har eldsjeler førebudd seg til den populære førjulspressa i Tysnes bedehus, som vert arrangert på laurdag.

– Utover hausten er takten på aktivitet og førebuingar skrudd opp, og no er varer, gevinstar og program klart. I desse dagar pågår det loddosal rundt i dei forskjellige bygdenne. Komande laurdag er det berre å møte opp i Tysnes bedehus, oppmodar Harald Heie i Indremisjonen.

– Folk er imponerte

Førjulspressa er blitt eit godt etablert arrangement som mange gler seg til, og utgåva på laurdag er den 23. i rekkja.

– Det har vore ei messe mange har lagt merke til og slutta godt opp om. Slik vonar me det vert også i år. Folk frå nabokommunane våre er stadig imponerte over kva me tynesingar kan få til, seier Heie.

Inntektene frå messa går så og seia uavkorta til Indremisjonen sitt arbeid.

– Hos oss omfattar det Hardanger, Sunnhordland og Voss. Her kunne vore nemnt



HEIMELAGA: Strikkevottar var ei populær salsvare på Førjulspressa i fjor. Her ser me f.v. Hildur Heie, Solveig Skaten, Klara Kongsvik og Anna Rosvold. (Arkivfoto)

leirarbeid, skule (Framnes), eit stort barne- og ungdomsarbeid elles, og arbeid mellom oss vaksne. Det er utruleg viktig og flott at mange er med og støttar opp om dette misjonsarbeidet i våre nærområde.

Mykje på programmet

På messa blir det sal av ei rekkje ulike varer som til dømes handarbeid og heimebakst, i tillegg til graut og kaffimat. Det vert også utlodding, og song- og musikkinnslag både ved Tysnes Soul Children og elevlar frå kulturskulen.

– Me ynskjer å skapa eit godt program, og folk må få noko verdfullt med seg heim att, uansett om dei vinn på utloddinga eller ikkje. Det varmar difor ekstra med tilbakemeldingar som at førjulspressa er høgdepunktet i året for somme.

– Og så veit eg at mange gler seg ekstra over at det i år er Svein Bjarne Aase som vert med som andaktshaldar. Me ynskjer vel møtt, avsluttar ein forhåpningsfull Heie.

CAMILLA KORSNES
camilla@tysnesbladet.no

Ni nye utstillarar på julemessa i Lunde

– Det er kjekt å få visa fram det me har laga, seier Florence Straume.

Saman med Monica Hoff Utne, Hilde Hagen, Jorunn Økland, Silje Epland Hansen og Siv Heidi Schulstad arrangerer ho tradisjonen tru julemesse i lokala til Lunde barnehage fyrstkommande helg.

– Det blir mykje spanande å finna der i år, seier ho.

– Me kjem til å selja tøy me har strikka, til dømes luer, ullsokkar, skjerf, genserar og saueskinnsprodukt, fortel Straume.

Ullfuglar og mus

Dei fem damene sel også heimelaga julepynt. Straume ramsar opp heimelaga nissar, englar, ullmus, keramikk, veggtepper, løparar, kort, God Jul-skilt og tuppervarer blant det som blir stilt ut.

– I tillegg kjem Dalland Gard for å selja kjøt, seier ho.

Sjølvs skal Straume ha med seg smykke og øyredobbar som ho har plukka ut på brukmarknadar i Canada, og hudpleieprodukt frå Mary Key.

– Me skipar til kafe med sal av kaffi, vârrullar og kaker, opplyser Straume.

Sjuande året

Tidlegare har Straume vore ansvarleg for julemesse i ungdomshuset i Våge saman med Malin Tvedt. Samstundes var ho med og arrangerte julemessa til Petroleum womens club (PWC).



SEL HEIMELAGA: Florence Straume fortel at det er mykje forskjellig å kjøpa på julemessa. Julepynten ho viser fram er derimot privat, og ikkje høve til å kjøpa.

Det er sjuande gong julemessa i Lunde blir arrangert. I år er det ni nye utstillarar som skal vera med. Til saman blir det 26 standar og 29 utstillarar.

– Nokre av dei som stiller ut på julemessa i Lunde har halde på med dette lenge, medan andre stiller berre ut denne eine gongen, seier Straume.

Mykje å ordna

Og det er mykje som må ordnast før arrangementet på

laurdag. Damene som skal selja produkta sine kjem saman kvelden før, og ordnar i stand i lokala i barnehagen.

– Det er koseleg å treffa dei andre utstillarane år etter år, og å få julehandelen litt i gong, seier ho.

Straume minner om at dei som kjem må hugsa at der ikkje er kortterminal på julemessa, og at folk må ta med kontantar.

KRISTINE NÆSS THORSEN
kristine@tysnesbladet.no

tvil: «Stormønstring av kystkultur», «Kystkultur - tradisjon og utvikling».

– Kystsogevekeken er ein flott marknadsføringskanal, sa ordførar Kåre Martin Kleppe (H). I si helsing i programheftet, skreiv han at «Kystsogeveken er ein fin arena å visa fram historia om ein viktig kultur, og ikkje minst visa fram dei kystperlene som ligg på Vestlandet. Tysnes kommune er full av historie som bør høyrast, og ein skjergard som bør opplevast».

LARS MÆLAND
redaksjonen@tysnesbladet.no